

Til ordfører i Sogndal kommune

25.9.20

Me viser til sak 85/2020, handsama i Sogndal kommunestyre 10.09.2020.

Det vert i saksframstillinga vist til festeavtale datert 19.12.1979 inngått mellom grunneigar Kristian Rutlin og Sogndal kommune på eit areal på Rutlin i Sogndal kommune på 20.571,14 m². Avtalen gjeldt for eit tidsrom på 80 år, med moglegheit for festar til å fornye. Prisen var sett til 0,90 kroner per m² per år. Avtalen skildrar at festaren kan krevja innløyst det festa arealet når det er gått 50 år, og kvart 10 år etter dette. Innløysingssummen skulle då fastsettast ved skjøn.

Faktum i saka

- Festeavtalen gjeldt i utgangspunktet til år 2059 og festar kunne først krevja arealet innløyst i år 2029 mot eit skjønsmessig fastsett innløysingssum.
- Det føreligg ein verdi for dei resterande 39 åra for festeavtalen som kommunestyret no har sagt frå seg vederlagsfritt.
- Vedtaket i kommunestyret 10.09.2020 medfører at Sogndal kommune skal dekkje kostnader med frådeling, oppmåling og eigedomsoverføring.
- Det er ein konkret namngitt kjøpar av arealet som vert omtalt i avtale om innløysing og som skal signere avtalen saman med ordfører Arnstein Menes.
- I saksframstillinga lagt fram for kommunestyret 10. september 2020, kjem det fram at vedtak i tråd med innstillinga ikkje vil medføra rettslege konsekvensar for Sogndal kommune.
- Det omtalte arealet er i kommunen sin kommuneplan avsett til sosialt bustadbyggingssområde.

Me viser til EØS sitt regelverk om bagatellmessig støtte. Her vert det vist til at dersom ein kommune til dømes ynskjer å gje bagatellmessig støtte til eit bestemt føretak i form av sal av tomt til under marknadspris, må kommunen med sikkerheit berekna støttebeløpet på førehand. Det vert skildra korleis kommunen skal komma fram til støttebeløpet ved å sjå på differansen mellom salspris og ein på førehand fastsett marknadspris.

I saksframstillinga kjem det ikkje fram kva verdi Sogndal kommune gir frå seg, med tanke på at det føreligg ei gyldig festeavtale fram til år 2059 med moglegheit for innløysing for festar (kommunen) frå år 2029.

Slik me ser saka no, kan Sogndal kommunestyre ha gjort eit vedtak som er i strid med [Kommisjonens forordning nr. 1407/2013](#) (Forordningen) som er gjort til norsk lov gjennom [forskrift av 14.11.2008 nr. 1213 § 2](#).

Me ber difor kontrollutvalet om å ta opp saka på førstkomande møte. Me ber også om at fylkesmannen får saka til vurdering innan fristen for klagehandsaming for enkeltvedtak, som er på tre veker.

Helsing

Henny-Kristin Asperanden Navarsete
Gruppeleiar Arbeidarpartiet